



Lesarbrev, referat og årsmeldingar kan sendast til Mediehuset Sunnhordland, Postboks 100, 5401 Stord eller via e-post til redaksjonen@sunnhordland.no.
Skriv kort. Alle lesarbrev skal underskrivast med fullt namn. Mottekne manuskript vert ikkje returnert. Innlegg kan verta forkorta.

mi meining er og har alltid vore...gode argument...utveksla idear...eg er ikkje heilt overtydd...politikarane...



UTGJEVAR: Bladet Sunnhordland A/S
Org.nr: 975 339 157 MVA. GODKJENT OPPLAG: 7498

Sunnhordland er eit uavhengig mediehus for kommunane Stord, Fitjar, Bømlo, Tysnes og Kvinnherad. Medlem i Mediebedriftenes Landsforening og Landslaget for lokalaviser.

SUNNHORDLAND MEINER:

Fryktar for tannlegetilbodet

FYLKESTANNLEGEN vil ikkje lysa ut vikar i Fitjar, trass i langtidssjukemelding. Av den grunn har tannlegetilbodet på Fitjar vore svekka sidan hausten 2011. Ordførar Wenche Tislevoll er redd for at dette betyr ei sniknedlegging av tannlegekontoret, som er svært viktig for fitjarbuen å behalda. Så viktig at kommunen ikkje ein gong krev husleige for lokalet dei leiger ut til tannhelsetenesta.

ONSDAG skal saka opp i formannskapet. Her er det forslag om at fylkeskommunen og kommunen får i stand eit møte for å drøfta tannlegesituasjonen i Fitjar. Kommunen uttrykkjer uro fordi fylkeskommunen har redusert tannhelsetenesta sidan hausten 2011. Me skjønner uroa, fordi fylkestannlege Arne Åsan i Hordaland viser til tannhelseplanen i Hordaland fylkeskommune, der det står at Fitjar er eit av fleire lokalkontor som kan bli lagt ned i løpet av perioden 2011-2013.

DET ER ikkje meir enn to år sidan folk i Fitjar kjempa for å behalda tannlegetilbodet sist, då tannhelseplanen skulle handsamast av fylkestinget vinteren 2010. Då vart kontoret redda, mellom anna etter at fylkespolitikarar frå Sunnhordland talde distrikta si sak. Men ein ullen tekst i planen gjer at kontoret «kan bli lagt ned i perioden», slik fylkestannlegen påpeikar.

FOR FOLK i Fitjar er det innlysande at det er lite samfunnsøkonomisk at fleire hundre pasientar må reisa seks mil tur/retur Leirvik i staden for at ein tannlege tek turen til Fitjar. Dette er også innlysande for mange andre som ser litt ut over vindaugo i eit byråkratisk kontor, der dei berre ser på effektivisering og innsparing, utan å kjenna lokale tilhøve.


ETTER VÅRT syn er dette også dårleg distriktspolitikk, og det er feigt dersom kontoret blir sniknedlagt på dette viset. Kontoret på Fitjar er eit rimeleg moderne tannlegekontor, som også er rimeleg lett å nå for pasientane. Dersom det forsvinn på pasientane bruka tid og krefter - og kanskje offentlege midlar - for å koma seg til Leirvik. La Fitjarfolket sleppa denne kampen ein gong til. Me vonar at Fitjarpolitikarane når fram med sitt syn, og at fylkestannlegen finn på andre ting å bruka tida på enn å leggja ned dette viktige tilbodet.



Sunnhordland ønskjer å rette seg etter reglar for god presseskikk slik desse er nedfelt i Vær

Varsom-plakaten. Den som meiner seg ramma av urettmessig avisomtale vert oppfordra til å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reise klage for Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17 3. etg. postboks 46 Sentrum, 0101 Oslo, telefon 22 40 50 40. E-post: pfu@np-nr.no

Torskens livshistorie



Torskeegg noen dager før klekking. Eggene er ca 1,4 mm i diameter, og inni eggene er larvene kveilet rundt plommesekken.



Torskelarve med alger og byttedyr i tarmen. De sorte «rosene» langs ryggen er pigmentceller som senere gir torsken dens farge.



Raudåte kan også kalles havets mygg fordi den er så tallrik. Oppe til høyre er åta sine larvestadier (nauplier) som alle fiskelarver er helt avhengige av for å vokse og overleve.

*Skuld' Torsken os feyle,
hvad havde vi da,
Hvad skulle vi føre
til Bergen herfra?
Da seyled' vist Jægterne tomme.*

(Petter Dass)

■ ■ Torskens historiske betydning som handelsvare og betalingsmiddel kan ikke understrekes nok. Men som Petter Dass antyder i diktet ovenfor var det ikke gitt at havet alltid var en kilde til uttømmelig rikdom. Fangstene kom og gikk i takt med svingningene i bestandene. Den gang skyldtes det nok naturlige svingninger, i dag er fisket i seg selv så effektivt og omfattende at dette kan ha en avgjørende betydning for mengden av fisk som er tilgjengelig. Akkurat nå er torskens i Barentshavet, som også kalles skrei, inne i en god periode. Hvis skreien forvaltes riktig vil den gi gode fangster i mange år fremover. Men bakgrunnen for den gode bestandssituasjonen er gode mat- og oppvekstforhold for larver og yngel av skreien i Lofoten og Vesterålen noen år tilbake.

Kysttorsken

Tilsvarende kan man ikke si om kysttorsken som er den sorten torsk folk flest kommer i kontakt med gjennom matauk mellom holmer og skjær. Det Internasjonale Hav-

forskningsrådet (ICES) har anbefalt stopp i all fangst etter kysttorsk de siste 8 årene. Dette har medført stadig strengere reguleringer, både for yrkes- og fritids- og hobbyfiskere. Innføring av minstemål (40 cm i Sør-Norge) fra januar 2010 og nedre grense for maskevidde i alle typer bunngarn (10 omfar eller 126 mm strukket maske) fra januar 2012 er eksempler på slike reguleringer.

Som mange andre marine fiskerarter gyter torskens i overgangen mellom vinter og vår, fra februar til april. Våroppblomstringen i sjøen starter når dagene blir lengre enn nettene i mars. Om gytingen er vellykket og fører til mange torskeyngel bestemmes blant annet av god mattilgang for torskelarvene (dyreplankton) og at det er få av dem som spiser larver og yngel (predatorer). Men naturen byr hele tiden på store variasjoner i dyreplankton og predatorer. Torsk og annen marin fisk har innrettet seg etter dette, og sprer risikoen. Torsken gyter porsjoner av egg over 1-2 måneder, og i motsetningen til laksen gyter den mange år på rad. Den gyter også svært mange egg, hos en 4 kg stor torsk tilsvarer dette ca 2 millioner egg.

Torskens livsstadier

Kysttorsken gyter både inne i fjordene og i skjærgården. Den

velger beskyttede områder, ofte innerst i fjordarmene, i poller, våger eller bukter, hvor gytingen foregår typisk på 20-60 m dyp. Eggene flyter stort sett i de øverste 30 m av vannsøylen og klekker etter 2-3 uker. Den nyklekte torskelarven er ca 4 mm lang og har en plommesekk som gir næring den første uken. I løpet av denne tiden må larven lære seg å spise dyreplankton for kunne vokse og overleve. Det mest vanlige byttedyret er larvene til raudåta (nauplier). De første dagene kan torskelarvene også spise planteplankton.

I løpet av 8-10 uker øker torskelarven vekten sin mellom 2 og 4 tusen ganger. Den blir stadig mer lik en miniatyrtunge av en voksen torsk. Da nærmer det seg tiden for å slå seg ned på bunnen. Det har vært observert at denne 5 cm store torskeyngelen slår seg ned øverst i tang- og tarebeltet. I tilknytning til gyteområdene er det vanlig med grunne områder som ofte er dekket av ålegress eller ulike sorter tare, for eksempel sukkertare. Her vokser torskeyngelen opp under gode matforhold siden små krepsdyr, børstemark og små fisk er tallrike i slike leveområder. I tillegg gir de også godt skjul. Ålegress har vist seg å være særlig viktig, og den er beskyttet gjennom internasjonale avtaler. I Nord-Norge finnes også torskeyngel på bunnen

Nytt ferjestø på Stord og dagens situasjon

■ ■ Eg skjønner at fleirtallet blant politikarane på Stord ynskjer at ferja frå Kvinnherad skal leggja til i Djupavik. Då får dei knytt dette fylkesvegprosjektet saman med stamvegprosjektet omlagging av E39, noko som sannsynlegvis vil føra til ei raskare realisering av dette. Eg har full forståing for at dei ynskjer å skilja lokal og stamveg trafikk.

Men likevel; eit prosjekt til nesten 400 millionar kroner må uansett stilla seg i køen av andre

gode og naudsynete vegprosjekt i Hordaland.


Når eg veit at eit nytt ferjestø på Kvernaneset kostar 175 millionar og har nesten dobbelt så stor kost nytte effekt, så er ikkje min forståing så stor lengre. Eit så mykje billigare prosjekt vil naturlegvis bli realisert snarare og er tilrådd av vegvesenet.

Argumenta for at fleirtallet av politikarane frå Stord ikkje kunne støtta dette alternativet vart grunngeve med at det var sårbare

planter og naturlandskap i området. Eg meiner at om Stord ynskjer å vera eit regionscenter må dei ta oppgåva alvorleg. Om dei ynskjer at kvinnheringane skal jobba, handla, bruka sjukehuset, flyplassen og skulane i sin kommune er dei nøydd til å leggja tilhøva til rette for dette. Snøggast mogleg. Då må kanskje pusleblomen og dvergålegraset vika for eit kort og effektivt samband mellom Kvinnherad og Stord. Då må ein velja Kvernaneset som ny ferjestad. Slik

debatt

ei god tilbakemelding hadde...frå fleire sider...byråkrati...glede...på den eine sida og på den



Livssyklusen til torsken i en typisk vestlandsfjord. Gyteområdet er gjerne i fjordarmer, vikar, poller eller våger. Egg og larver spres seg utover herfra, og yngelen søker til bunn og vokser opp i grunne områder. Med økende alder spres den over større områder, og den voksne torsk beiter også utenfor fjorden. Hos den kjønnsmodne torsk fører minkende daglengde om høsten til at modning av rogn og melke starter. Fra desember er vandringen mot gytefeltene i gang.

av de dype fjordene om høsten.

Hva som skjer når torsk blir større er ikke helt kjent. Stor fin torsk fanges på gytefeltene, men den er sjelden å få i fjordene utenom gytesesongen. Trolig er den på beitevandring i et større område, kanskje helt ut til havs. Foreløpige data tyder på at de lokale og små gytefeltene derfor kan være viktige for fisket i et langt større geografisk område enn fjorden yngelen er vokst opp i. I Austevoll er det de siste tre årene merket ca 1500 ungtorsk som kanskje kan gi sikrere data om dette. Noen av disse er funnet igjen i Os, Fitjar og Bømlo. Det er også ukjent i hvilken grad torsk vender tilbake til gytefeltet der den selv ble klekket. Undersøkelser av torsk langs kysten viser at det er genetiske forskjeller mellom fjorder, og det betyr at det finnes mekanismer som holder be-

standene atskilt på gyteplassene.

Menneskelig påvirkning

Gytefeltene er nok ikke tilfeldig valgt, det er her egg, larver og yngel har de beste forholdene som gir størst overlevelse. Men det er også her i disse beskyttede farvannene at den menneskelige påvirkningen er størst, med utbygging av befolkningsentra, industri, kaianlegg, båthavner og naustområder for å nevne noe. I hvilken grad akvakulturanlegg i gyteområder påvirker torsk er også ukjent. Det foregår nå en kartlegging av naturtyper i sjøen langs Norskekysten, og både ålegressenger og gyteområde for torsk kartlegges. Denne kartleggingen vil bidra til bedre forvaltning av de marine ressursene. Men kysten er lang, og det tar tid å få gjennomført kartleggingen. I tillegg er andre oppvekstområder enn ålegress foreløpig ikke

inkludert i kartleggingen.

Kystorskens rekruttering er avhengig av suksess i alle livsstadier. Mange færer lurer, ikke bare overfiske på større torsk, men også forringelse eller ødeleggelse av leveområdene til larvene, yngelen og ungtorsken. Kommunene bør derfor utvise særlig forsiktighet i forvaltningen av strandsonen, og spesielt med hensyn til gyteplassene og de grunne oppvekstområdene.

Terje van der Meeren
Havforskningsinstituttet, Austevoll
forskningsstasjon

som Statens vegvesen tilrår i si konsekvensutgreiing.

Dagens situasjon er uakseptabel. Med forseinka ferjer, jamlege innstillingar, flytting til andre ferjestø og eit utrangert ferjemateriell utan nokon som helst komfort. Dette førar til at trafikken går ned, og operatøren prioriterer ikkje å byta ut ferjene – det er jo så liten trafikk. Me er inne i ein vond sirkel her. Det er heilt uakseptabelt av Norled og i strid med konsesjonen at dei nyttar eit ubrukeleg ferjemateriell i

dette sambandet. Eit av anbuds-kriteria er at rutetabellen skal haldast. Når eg har fått 22 SMS om innstilte ferjer og forseinkingar sidan 13. januar så veit eg at dei ikkje gjer det.

Dette må gjerast noko med no. Me som reiser kan ikkje finna oss i dette lengre.

Begge kommunane må stå saman og arbeida hardt for å få betra dagens situasjon i påvente av både ny ferjekai, som kan bli ein realitet etter 2018, og ny konsesjon i 2019.

Nytt og moderne materiell må snarleg komma på plass.

Kvinnheringane treng og vil gjerne bruka tilboda som Stord kommune har å tilby og Stord kommune treng arbeidskrafta, skulelevane, varene, flypassasjerane og pengane våre.

Elisabeth Eide Tharaldsen
Kvinnherad Frp

her finn du oss

REDAKSJON/EKSPEDISJON:


Borggata 15 - Leirvik
Boks 100 - 5401 Stord
Tlf. 53 45 00 00 - Faks. 53 45 00 01

redaksjonen@sunnhordland.no
annonse@sunnhordland.no


OPNINGSTIDER:

Ekspedisjon/Annonser:
Månd. - fred. kl. 08.00-16.00
Laurdag kl. 10.30-13.00
Redaksjonen:
Månd. - Torsd. kl. 08.00-21.00
Fredag kl. 08.00-16.00
Sundag kl. 16.00-21.00










ANSVARLEG REDAKTØR:

 Magne Kydland
Tlf. 982 42 007,
magne@sunnhordland.no


NYHENDEREDAKTØR:

 Kjetil Østrem
Tlf. 982 42 022
kjetil@sunnhordland.no

I REDAKSJONEN:

-  Atle Hansen
Tlf. 982 42 018
atle@sunnhordland.no
-  Anita Haugland
Tlf. 982 42 003
anita@sunnhordland.no
-  Vidar Hope
Tlf. 982 42 030
vidar@sunnhordland.no
-  Jarle Kaldråstøyl
Tlf. 982 42 013
jarle@sunnhordland.no
-  Per Egil Larsen
Tlf. 982 42 016
per.egil@sunnhordland.no
-  Lars Mæland
Tlf. 982 42 012
lars@sunnhordland.no
-  Hilde Vormedal Nybø
Tlf. 982 42 008
hildevn@sunnhordland.no
-  Olav Røli
Tlf. 982 42 014
olav@sunnhordland.no
-  Anders Totland
Tlf. 982 42 002
anders@sunnhordland.no

DAGLEG LEIAR:

 Reidar Hystad
Tlf. 906 76 983,
reidar@sunnhordland.no

Veit du om saker frå **STORD, FITJAR, BØMLO, TYSNES** og **KVINNHHERAD** som me burde skriva om?

Tips oss!

Ring
40 40 32 40

Send SMS/MMS med kodeord TIPS til 1938

Send e-post
tips@sunnhordland.no

www.sunnhordland.no